


# Bokn Bygdablad

Nr. 6 august 2012 – Årg. 27



Rogaland Marine – s. 3



Ny lege – s. 4



Ny ungdomsarbeidar – s. 21



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEIKT PÅ **BOKN**







## RDFØRAREN RDET

*Kjære sambygding*

### Vel overstått sommar

Når skottane kastar ut juletraa er det sommar, heiter det. Om det skjer i desse dagar er uvisst, men finvêret kjem ofte når skulen startar. Slik er det også i år. Forfattaren Einar Skjæraasen skildrar august som den skjelvande strengen mellom sommar og haust, overgangen frå lange dagar til mørke kveldar. Det kan vera greitt å ha nokre fine seinsommar dagar til å lada opp dei siste prosentane på livsbatteriet nå i inngangen til haustsesjonen.

Hausten inneber stor aktivitet både i administrasjonen og i politikken. I mange av dei større sakene ein jobbar med, kjem det fleire vendepunkt nå i haust: Kommunearbeidet er inne i siste fase og blir lagt ut på høyring av planutvalet i desse dagar. Forslag til reguleringsplan for Rogfast blir presentert for referansegruppa i månads-skiftet august/september.

Når det gjeld ferdigstilling av moloen i Hålandssjøen blei det gjennomført synfaring i sommar og anbodsdokument blir ferdigstilt i løpet av september. Målet er å starta opp anleggsarbeidet på moloen i løpet av hausten.

Elles blir prosjektleiar for utbygginga av fleirbrukshall, slik det ser ut nå, mest sannsynleg tilsatt i september. Arkeologiske utgravingar er starta opp i dei områda som er satt av til offentlege formål ved "Tresnippen" i Førsvik. Arbeidet med å bygge ut barnehagen er kome godt i gang. I forhold til sistnemnde blei det i veke 33 gjennomført synfaring med mellom anna arkitekt, seksjonssjef og styrar i barnehagen, og teikningar og romprogram blir utarbeida i desse dagar. Målet er å kunne opne den nye avdelinga neste barnehageår.

### Kultursoga

Arbeidet med bygdeboka skrid raskt



**BYGDEBOKNEMNDAI ARBEID:** fv. Reidar Alvestad, Olav G. Larsen, Birger Lindanger, Leif Vatnaland, Arne Øvrebø, Sigvart Våga og Olaug Hognaland.

Foto: Jardar Havikbotn

fram, og til i sommar var det skrivne 400 sider boknasoget. Men historia vår har vist seg mykje meir omfattande enn me trudde. Denne ferdigskrivne perioden fram til 1700 på 400 sider utgjør likevel bare 1/3 av heile historia. I utgangspunktet var det tenkt at historia om Bogn skulle få rom innan rammene av to band, nå ser det ut til at to band på til saman kring 1100 sider må til!

Bygdeboknemnda har også gjort eit framifrå arbeid med å samla inn stoff til boka. Nemnda har nå over hundre timar med intervju, og har avfotografert over tusen avisartiklar om Bogn frå 1914 fram til i dag, artiklar som ligg på data, og det blei gjennomført ein ny innsamlingsaksjon av historisk interessant boknafoto som har gitt oss ein skatt på tusen foto attåt dei tusen bileta ein har frå før. Sidan i vår har også arbeidet vore i gang med å skriva av intervjuet som ikkje tidlegare er avskrivne, ei historisk gullgruve i seg sjølv for komande generasjonar.

Attåt er det avfotografert og lagt inn på data titusenvís av sider med historisk materiale: Alt frå arkeologiske funn, brev og skattelister frå mellomalderen, tingbøker og arveskifteprotokollar sidan 1600-talet, folketaltingar,

kyrkjebøker, alle slag foreiningsprotokollar, eit komplett sett av kommunistyreprotokollar sidan 1837, pantebøker sidan 1600-talet, militære utskrivningar, jordbruksteljingar sidan 1668, fartøyteljingar sidan 1808, amerikabrev frå 1800-talet, fattigstyreprotokollar sidan 1700-talet og alle slag kommunale protokollar elles bare for å nemna noko. Det meste av dette blei gjort det fyrste året medan det andre året stort sett har gått med til å skriva ut boka.

Både forfattar og nemnd har også gjort noko av dette tilgjengeleg ved å stått til disposisjon for bygdefolket til dømes i samband med skulen sin tur til festninga på Loden, turen til Ådnaneset, etableringa av utkikkspunktet på Boknafjellet og i form av artiklar i Bygdabladet og aktivitet i historielaget.

Her er utruleg mykje å ausa av, og det ville vera leitt om bare halvparten skulle koma boknarane til gode når arbeidet fyrst er i gang. Men ei dobling av volumet tek sjølv sagt tid å leggja til rettes. Me håpar difor at folk har forståing for at bygdebøkene difor blir utsett eit år slik at kan liggja under juletraet i 2013.

*Ordføraren*

## 145 km/t i 80-sonen

### Bilisten køyrde også forbi sju, åtte bilar mot ferja i Arsvågen.

Bilisten var noko uheldig, i og med at UP hadde kontroll på staden. Vedkommande blei anmeldt for å ha køyrd i 145 km/t i retning Arsvågen om ettermiddagen 19. august.

Det blei utstedt 12 forenkla førelegg, opplyser politiet.

Kjelde: Stavanger Aftenblad



# Rogaland Marine

Tekst & foto: Tommy Grønnestad & Simen Havikbotn

**Rogaland Marine, som sel batår og driv med båtservice, held til nede i Knarholmen (gamle Bokn fiske-mottak), og kom til Bokn 1. februar 2012. Dei har nå fire tilsette, og sjefen heiter Rune Stangeland.**

Rogaland Marine sel båtar, motorar og utstyr, deriblant *Inter*, *Viknes* og *Sea-legs*.

Dei tilbyr også montering av utstyr, bunnsmøring av båt og service på motorar.

Då dei kom til Bokn, hadde dei planar om utstillingssal, men det har vore så travelt at dei ikkje har fått tid til det, men det kjem etterkvart. Det meste av salet går via internett, men også nokre gonger via messer.

Båtane blir bygde forskjellige plassar. *Sea-legs* blir laga i New Zeland, *Inter* blir bygd i Arendal og *Viknes* i Bergen og Arendal.

## Sentral plass

Då Rune Stangeland fekk spørsmålet om kvifor dei hadde etablert seg i Bokn fekk me dette svaret;

– Bokn er ein veldig sentral plass, og blir endå meir sentral utover, som for eksempel når tunnelen til Karmøy kjem. Det er store areal og stor kai her.

Rogaland Marine er ikkje ein del av Bokn Maritime senter. Dei held på med forskjellige ting så det er ikkje noko konkurranse mellom dei. Tvert i mot er det betre at alt er samla, for det tiltrekker meir folk.

## Båt med hjul

*Sealegs* er ein amfibiebåt som fungerer like godt på land som på vatn. Dei har hjul slik at dei kan kjøre på land akkurat når det passar deg. Dei tiltrekker seg ein del oppmerksomheit sidan dei er dei einaste i sin klasse.

Framtidsplanane deira er at dei skal bygge opp bygget og ha utstillingar og bli meir sentrale.

Rune Stangeland legg også til at viss det er nokon som lurer på noko så er det bare å ta turen til Knarholmen. Viss du vil vite meir kan du besøke nettsida [www.rogalandmarine.no](http://www.rogalandmarine.no).

Me har også snakka med ein lokal arbeidar. Olav Johannessen (47), som er utdanna platearbeidar, trivst svært godt i jobben og meiner det er veldig godt miljø på arbeidsplassen. Det er kjekt at me har ein lokal arbeidar i Rogaland Marine.



**Sealegs er ein amfibiebåt som fungerer like godt på land som på vatn. Rune Stangeland demonstrerer til ære for fotografen.**



**Olav Johannessen, lokal arbeidar ved Rogaland Marine, ombord i ein *Inter*-båt, ein båt som er populær blant boknarar.**



**Her skal det byggast utstillingshall.**



# Ny lege i Bokn

Tekst foto: Tommy Grønnestad & Simen Havikbotn

**Me har snakka med den nye legen i Bokn, og fått vite litt om han. Han er vikar for Dag-Helge Rønnevik det neste året. Jan Schille er veldig optimistisk til å møte boknarane.**

Jan Schille er 28 år gammal og bur for augeblinket i Haugesund saman med sin sambuar. Han har tidlegare jobba i Haugaland DPS i Haugesund og hatt turnus i Haugesund og Aksdal.

Schille har budd mange plassar som ung. Han blei fødd i Sunnfjord og budde nokre år i Afrika som ung. Då han var 10 år, flytta han til Kvinnherad i Hordaland.

## Aktiv

Det er ein sprek lege me har fått. Han liker friluftslivet og går ofte tur i fjellet, og prøver å komme seg på sjøen så ofte som mogleg, enten i kajakk eller båt. Schille fortel også at han er kanskje litt over middels bilinteressert. Schille gler seg til å møte boknarane,



Jan Schille gler seg til å møte boknarane.

og har fått eit godt inntrykk så langt.  
– Bokn virker som ein veldig kjekk plass med fine folk, fortel Schille. Han

er veldig klar til å begynne og håper folk blir fornøgde med han.

# Bjørnebær

Det er tid for bjørnebær, og diktaren Kjetil Hamre meiner det er *det kongeligste bæret i norsk natur* (<http://kjetilhamre.blogspot.no>).

Ein gong han var på jakt etter sorten, laga han diktet *Bjørnebærjakt*.

## Bjørnebærjakt

Der inne er det ett lovende ett  
Jeg ser det tydelig kledd i svart  
Jeg stikker meg stadig riper i ett sett  
Men det var jammen bare en kart

Øynene søker hender varsomt på jakt  
Bæret har nesten kjærlighetens tiltrekningskraft  
Søt, eksotisk, saftig forbudt  
Virker tiltrekkende på denne skrullete gutt

Dikt & bilde: Kjetil Hamre

© kjetil hamre

# Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 6 1992

## MEIR ENN 30 ÅR PÅ BOKNAFJELLET

Den 8. mai hadde Peder Wåge siste arbeidsdagen sin på Bokn TV - Sendar på Boknafjellet. Dagen vart feira med god mat og drikke, og blomar og anna stas frå Televerket. Dei syns nok Peder har gjort ein god jobb når dei gjorde så mykje ut av den siste arbeidsdagen.

For Peder gjekk faktisk av med pensjon. Heilt frå slutten av 50 - åra har han hatt arbeidsplassen sin på toppen av Boknafjellet. Dei fyrste 10-15 åra før det kom veg, måtte han dagleg gå opp og ned på det til dels bratte knapt 300 meter høge fjellet. Det tok ca. 17. minutt fra søre enden å gå opp.

Lettare vart det jo frå 1973/74 då det kom veg opp. Med 4-hjulsdriven bil var det bare få minutt før toppen vart nådd. Det er heller sjelden på desse åra at det har vore store problem med snø og is på vegen, men han har måtta bruka kjetting på alle 4 hjula når det har vore glatt.

Peder fortel at han har vore med på oppbygginga av TV- sendaren og stasjonen heilt frå grunn av. Difor har han også kunna gå inn og reparera og halda ting ved like i og med at han kjende systemet så godt. Men det er heller sjelden at TV- sendaren har vore ute av drift p.g.a. sjølv sendaren. Helst har det vore p.g.a. straumstans. Det har nok også vore tekniske problem, men det har oftast vore sendt med redusert effekt.

Peder fortel at mykje er radikalt endra utstyr og materiale frå den gongen det heile starta. I første tida var det meste greit å skjønna. I dag er det elektronikken som har overtatt med datakort og automatisk styring og overkopling til reserve-sendar dersom noko går gale. Likevel trur Peder at det også nå vil vera behov for litt menneskeleg tilsyn frå tid til anna.

Sendaren blir stadig viderutvikla og utbygd. Akkurat nå er det sendarutsyr



for det kommande TV-2 som vert installert.

Peder seier til bygdabladet at han har likt godt å ha Boknafjellet som arbeidsplass. Det har vore greie arbeidstilhøve, sjølv om det har vore krav til sjølvstendeg arbeid og avgjerder når noko ikkje har fungert. For det meste har det vore rutinearbeid men vedlikehald og faste oppgåver.

Det har nok vore noko einsamt kvar arbeidsdag å vera aleine på toppen av Boknafjellet, men dette vende han seg til, og lika seg godt.

Mange telefonar kunne det vera både på stasjonen eller heime når Boknsendaren fall ut, men stort sett gjekk det av i likaste laget.

Det er nok ikkje mange som kan visa liknande arbeidsveg som den Peder hadde—Dei første åra til fots opp og ned på fjellet—seinare ein brattare dagleg arbeidsveg enn nokon andre her på Bokn i alle fall.



# Indiabesøk i Bokn

Nina Ve Sæbø

I juni 2004 var Ashwini Surendar fra Bangalore i India på Bokn i forbindelse med at det Internasjonale styret i Ladies Circle hadde styremøte i Norge. Helgen 17. til 19. august valgte vi ut for besøk til Bokn for Ashwini og Suri (mannen hennes) fordi vi nå ønsket å vise hva Haugalandet har å by på. Suri har ikke vært her tidligere.

Vi startet i Kopervik hjemme hos undertegnede, og kl. 14 hadde vi avtale om lunsj på ordførerens kontor i Karmøy, som også har vært medlem i Ladies Circle tidligere, og kjenner Ashwini.

## Fiske og sjømat

Vi hadde en kort omvisning på Karmøy før vi tok retning Bokn for helgen. Her fikk de fiske med stang, noe ingen av dem hadde gjort før. Ashwini var heldig og fikk en liten lyr, som vi brukte til teinemat og håp om krabbe til neste dag.

På kvelden var det reker, krabbe, rekekonger og blåskjell med suppe som vi kunne innta ute på odden i Alvestadkroken. Bare det å kunne sitte ute like i sjøkanten er en fantastisk opplevelse når du bor sør i India i en by som heter Bangalore (15 mill. innb.), langt inne i landet. Det ferskeske du kan få av sjømat der er minst tre dager gammelt, om du noen gang får det.

## Sildabord

Lørdagen skulle vi til Haugesund og verdens lengste sildabord, samt Havnadager.

- Endelig ser vi folk her, sa Suri da vi kom dit (han hadde lurt på hvor alle menneskene i Norge var). Her var det mange som ville oppleve sildabordet slik som oss. De smakte på mange retter og koste seg, dette var noe helt spesielt, og de begynte å prate om at dette måtte de også få til i Bangalore, men ikke gratis, det går ikke an i India var de enige om.

Kaien og båtene var det neste de fikk oppleve. Røværkomle og norske plommer var spennende for dem. *Norwegen historiesenter* var den neste opplevelsen, noe som var nytt, siden det ikke var bygd sist Ashwini var her.

## Nye opplevelser

På Bokn fikk Suri være med i en liten motorbåt for å sette fiskegarn, noe som også var en ny opplevelse for ham. Her fikk han også fire makreller på ett kast, han trodde ikke det var mulig. Dette ble da forretten til kveldens middag. Han hadde aldri i sitt liv fått så kortreist og fersk fisk. Da de trakk garnet var det 16 krabber, masse maneter og en hummer med egg. Suri fikk ta bilde av hummeren før den



Fv. Suri Surendar, Nina Ve Sæbø, Kyrre Lindanger og Ashwini Surendar i Alvestadkroken.

Foto: Anita Figved

forsiktig ble lagt ut i sjøen igjen.

Søndag morgen ble det båttur rundt Austre Bokn, Gismarvik og Kårstø. De var elleville, gikk ut for å trekke frisk luft, inn for å varme seg (det var ca 18 grader). Suri var fasinert av fjellene, fjordene og havet.

- Det er helt fantastisk, sa han mange ganger. Han lurte også på hvorfor vi ikke markedsførte Norge i India. Det er 1 milliard mennesker der, mange med mye penger som kan reise og ønsker å få spesielle opplevelser.

## Ordførerbesøk

Vi hadde avtale om at ordføreren skulle komme på søndag formiddag som fortalte om hvor mange innbyggere det er på Bokn, litt historikk, hva de lever av på Bokn, samt om noen utfordringer det er å drive en liten kommune. Hvilke framtidsplaner vedrørende bygging av flerbrukshall, nye hus, nye tunneller og hvor kommunen fikk inntektene fra. Hjørnesteinsbedriften Bokn Plast ble også nevnt, samt bønder som måtte ha tilleggsarbeide for å kunne leve av driften.

Ashwini og Suri var imponert over at en kunne drive slik i en så liten kommune, og lurte på hvilke velferdsoppgaver kommunen drev med. Ashwini og Suri fikk kopp og pin, noe som ble behørig pakket i kofferten. Dette satte de veldig pris på, og ville markedsføre både Bokn og Norge for alle sine venner, fortalte de. De ville garantert komme tilbake, sa de, etter at de hadde invitert ordføreren til Bangalore.

Etter ordførerens besøk ble det en

kjøretur opp til Boknafjellet, med kikert, for at de skulle få se den fantastiske utsikten de var blitt fortalt om av ordføreren før de forlot Bokn. Dette var en fantastisk avslutning av oppholdet her på Bokn. Takk også til grunneier som gjorde det mulig for oss å kjøre opp denne gangen.

Ladies Circle er en upolitisk, ikke-religiøs internasjonal organisasjon for kvinner under 45 år.



Organisasjonen har som motto i banneret: Vennskap og omtanke.

Internasjonalt: Friendship and service. Emblemet forestiller rokkens hjul - et kvinnelig symbol fra gammel tid. Sprossene deler hjulene opp i seks hjerter som symboliserer vennskap - toleranse - tillit - ærlighet - positivitet - nestekjærlighet.

I dag er det ca. 15 000 medlemmer internasjonalt og ca 1400 i Norge. For at du skal bli medlem, må du bli anbefalt av noen som er medlem. Når du passerer 45 år går du automatisk ut av organisasjonen. Etter det er det mange som viderefører dette, men da kun for vennskapets og nettverkets skyld.

Når en er aktiv medlem, får en erfaring med selvutvikling ved at en må være med og lede og bidra på de lokale medlemsmøtene, og deretter når en reiser og møter andre medlemmer og andre kulturer, får en også mange venner i denne organisasjonen.



# Så er vi igang igjen...

Anette Våga



**Friskis&Svettis på Bokn er entusiastiske som aldri før! Av blide, glade og serviceinnstilte jenter ble alle som liker å bevege seg til musikk, ønsket velkommen under oppstarten tirsdag 21.august.**

For med tanke på at de under den pågående filmfestivalen i Hauge-sund ruller ut den røde løperen ved små og store premierer, fant foreningen like godt frem den røde løperen for å presentere en av høstens nye timer i gymsalen på Bokn. Og etter en riktig så frisk og svett økt ble det servert en velfortjent smoothies til alle.



**En blid og sprek gjeng, men med plass til flere. Marianne (tv) og Hege (th) ønsker alle velkommen til trening, også gjerne gutter eller menn...**

Hva den enkeltes treningkast ble vites ikke, men tanken bak treningen er å tilby enkel og effektiv trening med høy kvalitet. Videre at den skal være lystbetont og at det å møtes nesten er like viktig som å trene.

- Så oppfordringen til alle som ikke var der; kom som du er - gjør det du kan og ta gjerne med naboer, kollegaer eller venner til en gratis prøvetime! Det har lenge vært akseptert at trening gir en bedre alderdom. Nå bekrefter forskere at trening også kan medvirke til et lengre liv. Bedre og lengre med Friskis&Svettis altså...

Den forventede levealderen i Norge har økt jevnt og trutt de siste tiårene. Enkelt sagt skyldes det først og fremst et dyktig helsevesen som bruker stadig nye effektive metoder når de reparerer oss.

Men selv om den forventede levealderen øker, er det ingen automatikk i at god helse kommer gratis. Vil du leve lenge og med god helse, er fysisk aktivitet utrolig viktig. Sammen med et sunt kosthold er det suksessoppskriften.

Det er nemlig slik at genetiske faktorer bare står for 25 prosent av variasjonen i livslengde. Enkelte folkegrupper utmerker seg i forskjellige studier med svært stor andel spreke og glade hundreåringer, og det skyldes ikke gener, men livsstil.

Grunnlaget for gode treningsvaner leg-

ges oftest i ung alder. Da går trening lett og er kjekt. Derfor er Friskis&Svettis så nøye med kvalitet og glede. Vanene vi tilegner oss er viktige for senere i livet, når det kanskje går litt tregere... Hos Friskis&Svettis kan en trene fra fylte 12 år med tillatelse fra foreldre.

Det er gjennom livslang aktivitet man får best effekt, men uansett når du begynner å øke aktivitetsnivået eller trene systematisk, har det god effekt. Så det er aldri for sent å komme i gang.... Det behøver heller ikke være hard trening, men minimum en halvtimes rask gange, hagearbeid, sykling, trappegåing, svømming osv. Variert og lystbetont trening, eller hverdagsaktivitet, jevnt og trutt over tid, har best effekt.

Der folk lever lenge, har studier vist at fysisk aktivitet er en viktig del av hverdagen, i tillegg til et kosthold basert på frukt, grønnsaker og nøtter - og gode psykososiale forhold.

- Vi har god dokumentasjon på at fysisk aktivitet både kan redusere sjansen for å utvikle bestemte sykdommer og øke antall leveår, sier Ane Kristiansen Solbraa som forsker på fysisk aktivitet og helse.

Ved siden av trening og riktig kosthold kommer her noen gode råd om hva du kan gjøre for å holde deg ung i kropp og sinn:

#### **Vær sosialt aktiv**

Sosial aksept, tilhørighet og venner er

for lykke. Hobbyer og andre interesser gir også svært god effekt.

#### **Tren hjernen**

Løs kryssord, sudoku, spill sjakk eller kort. Det hjelper til å beholde klarhet, korttidsminne, konsentrasjonsevne, og fokus. I tillegg forebygger det Alzheimer.

#### **Reduser stress**

Når kroppen stresser produseres hormonene adrenalin, noradrenalin, og kortisol. Disse bryter ned kroppen og svekker immunapparatet, med mindre vi straks utøver hard fysisk aktivitet.

#### **Farlig ensomhet**

Forskning viser at ensomhet er en større risikofaktor for blant annet hjerte- og karsykdom enn å røyke.

#### **Lytt behagelig**

Å lytte til rolig musikk eller fuglesang viser seg å ha svært lindrende effekt dersom du ikke klarer å slappe av.

#### **Drikk te og rødvin**

Te viser seg å inneholde antioksidanter og flavanoider som har en rekke helsefremmende og foryngende egenskaper. Et glass rødvin (maks) viser seg å ha kolesterolsenkende effekt, takket være høyt innhold av saponiner.

#### **Velkommen!**

**Vi håper å se nettopp deg på torsdager fra kl. 19-20, og tirsdager fra kl. 20-21.**



## Formannskapsmøte 15. mai 2012

### Sak 023/12: Budsjettkontroll 2012 .

#### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet tar orienteringa om budsjett og rekneskap for fyrste kvartal 2012 til etterretning,

#### Formannskapet sitt vedtak:

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt..

### Sak 024/12: Endring av vegnamn og husnummer i Bokn kommune.

#### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rådmannen rår formannskapet til å gjera fylgjande vedtak om vegnamn og adressetildeling i Bokn.

#### 1. Vegnamn

**Dagslandsvegen** blir nytt navn på den parsellen av Lodavegen som før heite Dagslandsvegen.

**Hålandsvegen** blir nytt namn på den parsellen av Lodavegen som før heite Hålandsvegen.

**Krovågen** blir nytt namn på vegen som no har namnet Krovegen.

**Bakken** blir nytt namn på den parsellen av Alvestadkroken som før heite Bakken.

**Stølsvegen** blir nytt namn på den parsellen av Boknatunvegen som før heite Stølsvegen..

**Staburvegen, Lyngvegen og Leirgrov** blir nye persellar som kjem i staden for Leirgrovvegen i bustadfeltet i Førsvik. Dette går fram av kart som ligg ved.

#### 2. Reglement for adressetildeling i Bokn kommune

Reglement for adressetildeling blir uendra slik det blei vedteke i sak 028/06 i Bokn formannskap den 25.04.2006 i medhald av Delingslova § 4 -1 og kapittel 15 i tilhøyrande forskrift.

##### 1. Adressemynde

Tildeling av adresseparsellar og husnummer blir delegert til rådmannen.

##### 2. Nye adressenamn

Forvaltningsstyret godkjenner nye adressenamn.

##### 3. Reglar for tildeling av adressenummer

Nummereringa startar vanlegvis ved riksvegen og stig utover mot kommunegrensa. Adresseiningane får nummer i stigande rekkjefylgje med partal på venstre sida og oddetal på høgre sida. Det blir sett av nummer for framtidig fortetting der dette verkar sansynleg. Utanfor tettbygd strok blir adressene tildelt etter avstandsprinsippet ( 10 m = nr. 1 og 250 m = nr. 25 osv. ). Mindre adkomstvegar får ikkje eige namn. I slike høve blir husa tildelt nummer slik at dei kjem mellom to nummer i tilliggjande veg.

I område med fritidsbustader utan tilkomst til tilliggjande veg ,nyttar ein områdenummerering. Det blir gjeve nummer etterkvarandre i sirkel med urvisaren. Enkeltstående fritidsbustader som ikkje ligg til veg, blir tildelt nummer der dei vanlegvis har tilkomst til veg.

##### 4. Plikt til å setja opp skilt

Kvar grunneigar, festar eller eigar av bygg har plikt til å skaffa og å setja opp skilt for eiga rekning samt å halda vedlike skilta med dei nummera som blir tildelt av kommunen. Det same gjeld skilt som syner veg til eigedomen.

##### 5. Plassering av skilt

Adresseskilt og tilleggs-skilt skal plasserast slik at det er ty-

deleg kva eigedom dei høyrer til. Skilta skal vera lette å sjå frå vegen, dei høyrer til. Skilta skal til ei kvar tid vera heile og ha tydelege tal og bokstavar. Skilta skal plasserast slik at dei kan lesast i myrkret.

Har bygget inngangsdør eller portåpning direkte til fortau eller vegkant, skal skilta som regel plasserast like til høgge for døra eller porten, sett frå vegen og i ei høgd på 2,5 m. Er det vanskeleg å sjå bygget og / eller adressenummerskiltet frå vegen, skal det også bli sett opp nummerskiltet ved vegen på port, portstolpe eller eigen stolpe. Skiltet skal stå til høgge for innkjørsla.

Kommunen har ansvar for setja opp felles skilt som viser til adressenummer i stikkvegar. Skiltet skal stå der stikkvegen tek av frå vegen kor dei aktuelle bygningane / eigedomane er nummererte. I område med fritidsbustader som ikkje har direkte tilkomst frå veg, skal ein setja opp felles skilt på hovudparkeringsplassen.

##### 6. Materiale og form

Adressenummerskilt og tilleggs-skilt skal vera av aluminium eller anna rustfritt materiale. Skilta skal ha svarte tal på kvit botn. Høgd på tekst skal vera 105 mm og høgda på skiltplata skal vera 150 mm.

##### 7. Ymse føresegner

Rådmannen eller den han gjev mynde til, skal føra kontroll med at reglane blir fylgde og om naudsynt gjeva pålegg. Om pålegg ikkje blir fylgt opp, kan den som har mynde få gjort arbeidet på eigaren eller festaren si rekning.

8. Desse vedtektene gjeld frå tida då dei er vedtekte i kommunestyret.

#### Formannskapet sitt vedtak:

Avklaring ang parsell på Austre Bokn; Kroveien skal bestå men parsellen ned til Krovågen får navnet Krovågen.

Tormod Våga SP foreslo:

1) Siste linje i pkt 4 går ut.

2) Siste linje vert endra: Det anbefales at skilta har svarte tal på kvit botn eller anna som er godt syneleg.

Rådmannen sitt forslag til vedtak med tillegg av forslaga frå T.Våga vart samrøysta vedtatt..

### Sak 025/12: Naudsynte tiltak for at vassverket skal kunna levera vatn / sløkjevatn med akseptabelt trykk til bustader og tomter på Våga.

- Saka vart trekt frå sakskartet.

### Sak 026/12: Ny forskrift for kommunale vatn- og avlaupsgebyr.

#### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet stettar rådmannen sitt forslag til vedtak og legg framlegg forskrift til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i forvaltningslova.

#### Behandling:

Forslag frå Tormod Våga om fylgjande endringar;

§4 Abonnten sine plikter

§4.1 Abonnenter med privat avløpsanlegg (septikanlegg)  
- Siste avsnitt ut

§7 Engangsgebyr for tilknytning

- Lov om kommunale vann- og kloakkavgifter krever at det betales engangsgebyr for tilknytning til kommunal vann- og/eller kloakkledning. Engangsgebyret skal betales for byggd eiendom, eller ved førstegangsoppføring av bygg på eiendom som tilknytted offentlig vann- og/eller





kloakkavløpsnett. Alle eiendommer betaler ett gebyr per gårds- og bruksnummer. For eiendommer med mer enn en boenhet, herunder borettslag, betales halv tilkoblingsavgift per ekstra boenhet/hytteenhet/naustenheter. For eiendommer med driftsbygg/næringsbygg/offentlig bygg betales ett gebyr per gårds- og bruksnummer. For alle kategorier gjelder at engangsgebyret skal betales ved førstegangstilknytning, med gebyrsats fra det året oppfordring/vedtak om tilknytning ble sendt. Ved påbygg/tilbygg av ny boenhet/hytteenhet/naustenheter med eget seksjonsnummer skal det betales halv tilkoblingsavgift for ny enhet. Ved senere fradeling av bygg som fører til nytt gårds- og bruksnummer skal det betales tilknytningsgebyr etter de satser som gjelder på tidspunkt for fradeling. Størrelsen på gebyret fastsettes årlig av kommunestyret og kommer frem i gebyrregulativet.

Kommunen er ansvarlig for anlegget frem til og med klammer for tilkoblingsledning. Kommunen er ansvarlig for å føre frem riktig trykk helt frem til abonnenten.

§8.3.1 Abonnementsgebyr

**Abonnementsgebyr for næring og offentlig virksomhet**

- Abonnementsgebyr for næring og offentlige virksomheter skal betales én per gårds- og bruksnummer. Disse kan kategoriseres nærmere etter antall kvadratmeter. På gårdsbruk betales én avgift per gårds- og bruksnummer.

§8.3.2 Forbruksgebyr

- Alle borettslag, driftsbygninger, næringseiendommer og offentlige virksomheter kan betale forbruksgebyr basert på faktisk mål eller stipulert vannforbruk og pris per m<sup>3</sup>. Ved betaling etter målt forbruk måles forbruket med vannmåler.

§ 4.2 ber om avklaring på kva som menes med punktet.

Rådmannen anbefaler at forslag til endringer vert sendt tilbake til administrasjonen for ny vurdering og behandling

**Formannskapet sitt vedtak:**

Formannskapet vedtok samrøysta at saka vert sendt tilbake til administrasjonen for ny vurdering og behandling.

**Sak 030/12: Betalingssatsar for Norskopplæring for voksne.**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Betalingsattsane for norskopplæring for vaksne innvandrar blir følgjande:

Dagskurs: 40 kroner pr. time  
Kveldskurs: 60 kroner pr. time

Deltakarane må sjølv dekke utgifter til bøker og anna undervisnings- og studiemateriell.

**Formannskapet sitt vedtak:**

Rådmannens framlegg til vedtak ble samrøystes vedteke

**Sak 031/12: Årsmelding for 2011.**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Formannskapet tar rådmannen si årsmelding til etterretning

**Formannskapet sitt vedtak:**

Rådmannens framlegg til vedtak ble samrøystes vedteke.

**Sak 032/12: Rekneskap for 2011.**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Formannskapet tilrår at rekneskapet vert godkjent. Det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr. 2.494.395,49. vert sett av til disposisjonsfond.

**Formannskapet sitt vedtak:**

Rådmannens framlegg til vedtak ble samrøystes vedteke.

**Sak 033/12: Naudsynte tiltak for at vassverket skal kunna levera vatn / sløkjevatn med akseptabelt trykk til bustader og tomter på Våga.**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Bokn formannskap vedtek å gjera naudsynte tiltak for at vassverket skal kunna levera vatn / sløkjevatn med akseptabelt trykk til bustader på Våga. Ein set ned ny kum på hovudvassleidninga i krysset mellom den private vegen og Vågavegen. Her blir det plassert brannuttak. Det blir vidare plassert pumpe og pumpehus på kummen. Pumpa leverer tilstrekkeleg forbruksvatn til dei aktuelle bustadene, men ikkje sløkjevatn. Ein når dei aktuelle husa med om lag 250 m branslange. Samla kostnadsrame er kr 300.000,-.

Framhald av saka på neste side

**Formannskapsmøte 5. juni 2012**

**Sak 029/12: Betalingssatsar SFO**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Betalingsattsane i SFO blir endra i samsvar med tabell B frå 01.08.2012

TABELL B

Tilbod og terminbeløp (10 betalingsterminar)	Heile veka	3 vekedagar	2 vekedagar
Skuledagar frå kl 0710 til skulestart, med frukost	Opphald kr 570 Frukost kr 171 Sum kr <b>741</b>	Opphald kr 332 Frukost kr 99 Sum kr <b>431</b>	Opphald kr 237 Frukost kr 71 Sum kr <b>308</b>
Skuledagar frå skuleslutt til kl 1410	Opphald kr 341 Sum kr <b>341</b>		
Skuledagar frå kl 1410 til kl 1630	Opphald kr 1 140 Sum kr <b>1 140</b>	Opphald kr 665 Sum kr <b>66</b>	Opphald kr 476 Sum kr <b>476</b>
Skulefridagar frå kl 0710 til kl 1630, med frukost	Opphald kr 1 019 Frukost kr 37 Sum kr <b>1 056</b>		
Kl 0710 til kl 1630 på alle skuledagar med frukost	Opphald kr 2 051 Frukost kr 171 Sum kr <b>2 222</b>		
Kl 0710 til kl 1630 på alle skuledagar og på skulefridagar med frukost.	Opphald kr 3 070 Frukost kr 209 Sum kr <b>3 279</b>		

**Formannskapet sitt vedtak:**

Rådmannens forslag til vedtak ble samrøystes vedteke.

Føresetnaden er at utbyggjar tek alle andre kostnader med veg, vatn og avlaup. Med unnatak av einebustaden, som alt er innflytta, skal det betalast tilknytingsavgift for kvar bueining i feltet.

Den samla kostnaden på kr 300.000,- blir finansiert ved at kommunen nyttar kr 125.000,- frå disposisjonsfordet. Grunneigaren forskuterer tilknytingsavgift på kr 175.000,- for i alt 7 bueiningar, som er under byggjing eller er planlagde i feltet. Det blir gjort avtale mellom kommunen og grunneigaren om dette. Forskutert sum blir ytt rentefritt og kan ikkje krevas tilbake om utbyggjinga ikkje blir gjennomført.

#### **Formannskapet sitt vedtak:**

Tormod Våga vart kjend ugild. Johannes Nilsen kom inn i hans stad.

Framlegg til vedtak frå Høgre v/ Lars Norekvål: Saken utsettes til ny forskrift for kommunale vann- og avløpsgebyr er ferdig behandlet, og at denne og lignende framtidige saker skal behandles etter forsskriften.

Framlegg til vedtak frå Senterpartiet v/ Johannes Nilsen: Administrasjonens forslag endres til at kommunen forskutterer hele kostnaden med trykkøkning til omtalt felt. Tilknytningsavgift betalast pr. tomt ikkje pr. bueining slik praksis har vore tidlegare.

FS røysta først over Høgre sitt framlegg. Dette falt mot fem stemmer. Høgre stemte for.

FS sette så Rådmannen sitt framlegg opp mot framlegget frå Senterpartiet. Senterpartiet sitt framlegg ble vedteke mot tre stemmer frå Arbeiderpartiet.

#### **Sak 034/12: Godkjenning av tenesteavtaler mellom Bokn kommune og Helse Fonna, avtale 2,4,6, 7, 8, 9 og 10.**

##### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

1. Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenna følgjande avtalar:
  - a) Tenesteavtale 2  
Samarbeid om ansvars- og oppgåvefordeling i tilknytting til innlegging, utskrivning, habilitering, rehabilitering og lærings- og meistringstilbod for å sikra heilskapelege og samanhengande helse- og omsorgstenester til pasientar med behov for koordinerte tenester
  - b) Tenesteavtale 4 - Avtale om kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp
  - c) Tenesteavtale 6 - Avtale om gjensidig kunnskaps- overføring og informasjonsutveksling
  - d) Tenesteavtale 7 - Samarbeid om forskning, utdanning, praksis og læretid
  - e) Tenesteavtale 8 - Avtale om svangerskaps-, fødsels-, og barselomsorgsteneste for gravide og fødande
  - f) Tenestavtale 9 – samarbeid om IKT-løysingar lokalt
  - g) Tenesteavtale 10 - Samarbeid om helsefremjande og førebyggjande arbeid
2. Kommunestyret delegerer til rådmannen å revidera og godkjenna endringar av fagleg art som ikkje er av prinsipiell administrativ og/eller økonomisk art.
3. Kommunestyret delegerer til rådmannen å skriva under på avtalane etter at dei er godkjende av kommunestyret.

#### **Formannskapet sitt vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Sak 035/12: Første rapportering sysselsettingstiltak for arbeidsledige og sosialhjelpsmottakere 2012.**

##### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Rapporteringa tas til orientering

#### **Formannskapet sitt vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Sak 036/12: Søknad om bevilning til sal av alkoholhaldig vare med mindre enn 4,76 volumprosent.**

##### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

I medhald av alkohollova §1-4b 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1 andre ledd og 3-7, får Coop Marknad Bokn salsløyve for alkoholhaldig drikk under 4,76 prosentvolum alkohol frå 01.07.12 - 30.06.16.

Styrar for løyvet er Tor Harald Alvestad med Helga Foss som stedfortredar. Bokn kommune sine vedtekne salstider skal fylgjast.

Gebyr på sal av alkoholhaldig drikk skal fylgja dei satsane som er bestemt i forskrift til alkohollova.

Det vert forutsett at politiet ikkje har noko å utsetja på salsløyvet.

#### **Formannskapet sitt vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Sak 037/12:Søknad om serverings- og skjenkebevilning 2012 – 2016.**

##### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

I medhald av Alkohollova §§1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-3 og 4-4, vert det gitt alminneleg skjenkeløyve for øl og vin frå 01.07.12 - 30.06.16 i selskapslokala i 1. etasje i Sjøhuset i Alvestadkroken og i eit avgrensa uteområde som vist på vedlagt teikning.

Styrar for skjenkeløyvet er Åse Helen Alvestad.

På grunnlag av begrensa omsetnad og lite opningstid, vert det gitt dispensasjon for stedfortredar.

Det vert forutsett at politiet ikkje har noko å utsetja på å gi skjenkeløyve.

Bokn kommune sine vedtekne opningstider for skjenking som samsvarar med alkohollova sine oppsette skjenketider skal fylgjast.

Gebyr som fastsett i alkohollova skal betalast til kommunen.

#### **Formannskapet sitt vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.





# Eg seie meg så

Birger Lindanger

## Diverre...

fekk me ikkje med oss Sjukestova denne gongen. Men kjenner me dei rett, kjem dei sterkt tilbake. Elles imponerte Dagsenteret på ny med 100% oppklaring, men med Andor Bokneberg hakk i hel. Ordet som denne gongen skapte mest bry, var "labben". Men Dagsenteret tok også den!

## Så forklaringane:

- |                       |  |
|-----------------------|--|
| 1. eit traleverk      | rekkeverk, spileverk av tre eller jern                   |
| 2. å didla            | å vera sein, treg, småputla                              |
| 3. å vera elten       | å vera uroleg, knoven                                    |
| 4. gaupen (ikkje dyr) | Under mønet på utsida av huset                           |
| 5. å vera kasen       | å vera dårleg, halvslakk, fisk som er i ferd med å rotne |
| 6. å vera labben      | Om mat: å vera smaklaus. Om folk: Snakka utydeleg        |
| 7. å jätla med        | Å snakka andre etter munnen                              |
| 8. lagabrende         | Kjøt/fisk som ligg over laken og blitt øydelagt          |
| 9. nøben              | Fintfølande, tåla lite                                   |
| 10. ei følge          | Kår, livsopphald for eldre mot å gje frå seg garden      |

## MÅNADENS UTTRYKK

### Kva betyr...

1. ein hysk
2. ampe
3. ei sula
4. ein trask
5. Treneva
6. å vera av lagje
7. Tadden
8. smålåg
9. stomp (ikkje kroppsdel)
10. raga vel



Smålåg - ein sær låg person?

Teikning: BL

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 10. september**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

### Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad  
Boknatun  
5561 Bokn

### Resultatlista denne gongen:

- |                              |          |
|------------------------------|----------|
| 1. Dagsenterdamene           | 10 poeng |
| 2. Andor Borgenvik           | 9 poeng  |
| 3. Audhild Svendsen Alvestad | 7 poeng  |


**Mange takk til Liv Vatnaland og Helge Laupland** for gode innspel til gamle ord og uttrykk.

**Stå på! Heider og ære ventar den som til sist dreg av med sigeren.**

## STORT FRAMSIDEBILDE:

Seinsommar på Grønnestad.

**Foto: Kjetil Hamre**





# Gratulerer!



Send bilde og tekst til [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no) eller MMS til 98 22 15 08



**Regine Eidesvik - 2 år, 23 juli.**

Me vil gratulera litla dåkkå vår så masse med dagen!

**Masse klemmer frå pappa, mamma og Simon.**



**Ann Elin Aase - 50 år, 10. august.**

Me vil så gjerna få ønska den kjekka mormorå våres så mye med 50 års dagen! Kjempe masse glad i deg!!!

**Kos og klem fra Jesse og Dani Lukas, Ann Kristin og Dani hilse og.**



**Ann Elin Aase - 50 år, 10. august.**

Vi vil gjerne gratulere Ann Elin Aase med 50 års dagen!

**Bursdagsklem fra mamma, pappa, May Elisabeth, Arne og Runar med familier.**



**Irene Aase - 70 år, 24. august.**

Me vil gratulera Irene Aase så møje med 70 års dagen. Håpa du får ein strålanes dag! Me e kjempeglad i deg!


**Stor klem te deg fra adle dine.**



**Regine Eidesvik, Simon Eidesvik, Kornelius A. Borgenvik**

Me gratulere Regine Eidesvik med 2 år 23. juli, Simon Eidesvik med 6 år 18. august og Kornelius A. Borgenvik med 2 år 2. september. Hipp hipp hurra! Gla i dokke!

**Klem fra mormor/farmor og besten/farfar, tante Vibeke og Simon.**



**Andreas og Kristian Hatlem - 10 år, 25. august.**

Gratulera med dagen!

**Frå Tobias og mamma.**



**Linn Cathrine Kro - 27 år, 29. august**

Vi gratulerer så mye med dagen!

**Hilsen svigermor, svigerfar og svograr.**


## Storfilmer i kø

Jardar Havikbotn

**Haustens kinosesong i Auditoriet er allerede i godt i gong, og nå kjem det også nye stolar i amfiet.**

17. august blei *Madagaskar 3* og *The Amazing Spider-Man* vist i Bokns kino-sal. 31. august er det klart for *Istid 4* og *Kon-Tiki*. Og ofte får Bokn filmene berre ei veke etter norgespremierane, slik som sistnemnde film. Ikkje minst har digital kino og 3D kome til Auditoriet for lenge sidan.

Bygdekinoen er ikkje det han ein gong var; nå viser han nye og aktuelle filmar kvar gong. Dei kommentarane me får dreier seg mykje om stolane, som har vore modne for utskifting ei stund. Fleire får vondt i ryggen av å sitja og sjå lange filmar. Nå går det mot betre tider her også.



**STORFILMAR I KØ: 31. august er det klart for *Istid 4* og storfilmen *Kon-Tiki*, medan den siste storfilmen frå Disney Pixar, *Modig* og norske *Tina & Bettina* kjem 14. september.**

Me håpar nemleg at dei nye stolane som er bestilte, blir monterte i skulen sin haustferie (veke 41).

Mange ser fram til at rommet får denne oppgraderinga, og at kinogjengarar, skuleelevar, møtedeltakarar og andre som nyttar Auditoriet, kan sitja godt.

Det er kino på fredagar, med 14 dagar mellom. Som regel er det to filmar, som alltid startar kl. 18 og kl. 20. Lyd og bilde er digitalt. Widescreen-lerretet er stort og stolane er snart nye!

**Velkommen på kino!**



# KULTURKALENDEREN

## FORANDRINGAR/NYE ARR. ER **UTHEVA**

### August

- 30. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
- 31. Kino i Auditoriet

### September

- 01. Bokn Opp, sykkelritt - arr. Bokn idrettslag & Falkeid idrettslag
- 02. Gudsteneste kl. 11.00, presentasjon av konfirmantar/50 års konfirmantar
- 02. NMS-fest på bedehuset kl. 19.00
- 02. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps
- 09. Normisjon på bedehuset
- 10. Bibellesing på bedehuset
- 14. Kino i Auditoriet
- 16. Gudsteneste kl. 11.00
- 16. Familiemøte på bedehuset kl. 16.30
- 21. Bedehusbasar
- 24. Bibellesing på bedehuset
- 26. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
- 27. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
- 28. Kino i Auditoriet
- 29. Kampen om Vikingskipet, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar
- 30. Gudsteneste kl. 11.00, hausttakkefest

### Oktober

- 03. Basar DISM på bedehuset
- 06. NM-Lag i Trial
- 07. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps
- 08. Bibellesing på bedehuset
- Veke 41 Haustferie, Bokn skule
- 12. Kino i Auditoriet
- 14. Gudsteneste kl. 11.00
- 17. Kontaktmøte kl. 19.00 på bedehuset
- 22. Bibellesing på bedehuset
- 25. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
- 25. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
- 09. Israelmisjon på bedehuset
- 26. Kino i Auditoriet
- 27. Auksjon på skulen, arr. Bokn musikkorps

- 28. ABR-senteret på bedehuset kl. 19.00

### November

#### 02.-04. Vandrarene på leir til Røvær

- 04. Gudsteneste kl. 11.00, Allehelgenssundag
- 05. Bibellesing på bedehuset
- 07. BLEST-arrangement i Auditoriet
- 09. Kino i Auditoriet
- 09. Kulturkveld på bedehuset
- 11. Familiemøte på bedehuset kl. 16.30
- 17. NMS-julemesse, Tysværvåg
- 18. Gudsteneste kl. 15.00, fireårsbok
- 18. VAMP-konsert på Bokn skule kl. 18.00, sjå under.**
- 19. Bibellesing på bedehuset
- 21. NMS-møte på bedehuset
- 23. Kino i Auditoriet
- 25. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
- 27. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
- 29. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30

### Desember

- 02. Gudsteneste kl. 18.00, lysmesse/speidarane
- 03. Bibellesing på bedehuset
- 04. Grautfest på skulen, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar
- 07. Kino i Auditoriet
- 09. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
- 16. Gudsteneste kl. 11.00
- 16. Juletreffest på bedehuset kl. 15.00, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletreffest på bedehuset kl. 18.00
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

**Merk av 18. november!**

## Klart for VAMP-konsert!

Ein konsert med haugesundsgruppa, i samband med haustturneen deira i år, har stått i kulturkalenderen tidlegare, første gong i desember i fjor.

Arrangementet blei tatt ut av kalenderen då me var usikre på enkelte ting rundt det praktiske. Dette er nå på plass, og me kan ønska velkommen til denne store hendinga i gymsalen.

Det er venta mykje folk, og det vil bli billettsal på førehand. Nærare info om dette kjem seinare.



## Omsetning av eigedomar i Bokn

**Boknatunvegen 54 (Gnr 9, bnr 152)** er solgt for kr 200.000 fra Bokn kommune til Hanne Marte Vatnaland

**(28.06.2012)**

**Boknatunvegen 48 (Gnr 9, bnr 150)** er solgt for kr 600.000 fra Hilde Louise Sæbø Hansen til Nibe as

**(16.07.2012)**

**Gnr 16, bnr 8** er overdradd fra Ingeborg Are til Bokn kommune

**(06.07.2012)**

**Gnr 11, bnr 308** er solgt for kr 483.336 fra Bokn kommune til Alliance Invest Bokn as

**(09.07.2012)**

**Kjelde:  
Statens kartverk**

**Otto Alvestad, fødd 10.04.1962 døydde 19.07.2012.**

Han starta sine første år i Hommersåk, på garden til foreldra Maud og Håkon Alvestad. Otto kom til Bokn to år gammal og var yngst av ein syskenflokk på tre.

Han hadde ein god, trygg og allsidig barndom, men dessverre mista Otto far sin då han var 17 år gammal. Allerede då hadde han staka ut sin framtidige kurs; han ville bli bonde. Jordbruksskulen på Øksnevad tok Otto som 19 åring, og overtok garden i Hommersåk. Han dreiv garden godt i 20 år før han tok jobb som laste- og trailersjåfør, noko han heldt på med til det siste.

Otto var flink med hendene, både i gardsarbeid og med maskinar, som han hadde god innsikt i. Dette kom godt med i arbeidslivet.

Interessene hans var mange, og han likte å følga med i kva som skjedde rundt seg og ellers i verda.

Han hadde stor pågangsvilje og stor omsorg for dei som stod han nær, og var aldri redd for å gi ei hjelpande hand der det trongst.

**Otto vil bli djupt savna og etterlet seg mor, stefar, to systre, to svograr og fem som han var onkel til.**



**Tommy Øvrebø, født 09.04.1990 døde 30.06.2012.**

Han gikk bort så alt for tidlig, bare 22 år gammel. Tommy ble født i Stavanger. Etter noen måneder på Hundvåg, flyttet mor og Tommy til familiens hjemsted på Austre Bokn. Her ble han tidlig nært knyttet til mormor og morfar, Else og Olav, og gjennom leken med sine søskenbarn Oddbjørn, Cathrine og Merethe.

Tommy var en glad gutt, alltid fornøyd og med et glimt i øyet. Allerede i barneårene ble interessen vakt for sjøen og båter. Sammen med morfar laget han trebåter. Med tau og pinne dro han båtene bortover sjøen for å se "fossen på han". Han var alltid i aktivitet og sa en gang til mor.  
- Mamma, eg har aldri kjeda meg.

Årene på skolen var ei kjekk tid med lek og skolearbeid. Det åpne hjemmet hos mormor og morfar etter skoletid, skapte ei trygg ramme rundt hverdagen.

Etter ungdomsskolen begynte han på skoleskipet "Sørlandet", for han ønsket å utdanne seg til sjømann. Etter et halvår der gikk han over på skipet "Gann". Det gode kameratskapet og samholdet i den tida ga mange gode minner som varte ved. Så var han i lære som maskinist hos "Bømlo Brønnbåtservice", og derfra gikk ferden til båten "Toranga". I 2010 fikk han fagbrevet innenfor "motormannfaget". Ferdig utdannet fikk han jobb hos West-Marine Båt AS på Husøy. Overalt der Tommy var, trivdes han svært godt, og folk likte han.

Tommy var hele sitt liv knyttet til sjøen. Der likte han seg, der var han i sitt ess. Allerede tidlig i ungdomsåra fikk han ei snekke, som han og morfar gjorde i stand. Seinere ble det ofte til at han lånte morfar sin båt. Mor var alltid trygg når han var ute og gikk med båt, i all slags vær.

Det var etter tida på skoleskipene han begynte å interessere seg for gitarspilling. Som så mange andre begynte han med "Tom Dooley" på kassegitar i stua hjemme. Det vokste på seg, og til slutt ble det gruppa The Kvednabekkjers, der han både sang og spilte gitar - fremdeles uten å kunne ei note. Tommy fant mye ro og glede i musikken, det ble hans måte å slappe av på. Fellesskapet med de andre kompisene



betydde og mye for han.

Tommy var som nevnt en glad-gutt, som likte å være sammen med andre, eldre som yngre. Han var åpen om seg selv, og flink å lytte til andre. Han hadde tid for andre, og det var aldri vanskelig å be han om hjelp. Tommy var en snill, god gutt som vant venner over alt, både gutter og jenter. Det var Celina som stod hans hjerte nærmest.

Det siste møtet med mor var torsdag før han dro. Det skjedde utenfor døra hjemme. Oddbjørn hadde klipt graset og satt på grasklipperen. Tommy stod ved sida av, og mor satt på trappa. De spiste litt iskrem sammen, og hadde en av de mange kjekke og hyggelige samtalene.

- Ha det godt, sa Tommy, da mor dro på jobb.

Det ble den siste hilsen.

**Det er bare gode minner etter Tommy. Fred over hans minne.**



## Minneord om Tommy Øvrebø

24. juni 2012 var berre nokre timar gammel då *The Kvednabekkjers* spelte siste akkord på Slusedansen i Skjoldastraumen, foran hundrevis av glade og fornøgde menneske. Me i bandet var også glade og fornøgde over å ha gjennomført ei god dansespeiling, kanskje den beste...

Tommy var som vanleg eit einaste stort smil, der han pakka ned gitaren, fortsatt med pannebandet på. For ikkje berre var det eminente gitarspelet hans tydeleg inspirert av idolet Mark Knopfler. Han ville også sjå ut som han. Og sjølvsgatt hadde me framført Dire Straits-låtar den kvelden; *Walk Of Life* og *Money For Nothing*. Sistnemnde låt var nyinnøvd til denne dansen, med flotte gitarriff - utan problem for Tommys musikalske øyrer.

Han hadde nemleg eit svært godt musikalsk minne. Etter å ha lært nokre gitargrep på skulen, var gitarspelet hans sjølv-lært. Eit ukjent antall øvingstimar seinare kunne han øva inn det meste på sologitaren. Ein innøvd solo, enten han var sjølv laga eller lånt frå andre, satt som spikra, og blei framført likt kvar gong. Men Tommy improviserte også medan han spela, og brukte den kreative kraften sin til å krydra musikken - ein kraft han også brukte til å skapa tekstar og melodiar.

Denne midtsommardansen var ikkje noko unntak. Det gneistra av gitarspelet til Tommy, og han framførte dei låtane han song på med sin særeigne, rustne stemme. Han snudde seg fleire gonger til oss andre, med glimtet i auga - glimtet som han var så kjent for, som sjarmerte og fekk folk i godt humør. Spelegleden han viste, smitta over på både band og publikum, og sceneutstrålinga hans gjorde han til ein glimrande entertainer.

At han seks dagar seinare blei funnen død er heilt uverkeleg og meningslaust for oss. Ei stor musikkariere var nettopp kommen i gong. For han hadde store planar, og i 2013 ville han verkeleg ofra meir og øva meir. Andre musikalske prosjekt enn *The Kvednabekkjers* ville nok kome fram i lyset, men det får me aldri veta. Men me er sikre på at det hadde blitt knallbra!

Det er ufatteleg trist at den kjekke og snille sologitaristen vår er borte. Han som alltid var blid og i godt humør, som aldri sa eit vondt ord om nokon. Musikken gir trøyst og terapi i denne triste tida.

Me vil halda fram med gruppa, som Tommy og Wolfgang starta i romjula 2009. *The Kvednabekkjers* med venner vil heidra Tommy sitt minne med ein konsert i juni neste år, sannsynlegvis den 29.

Tusen takk for pengane som kom inn, gjennom Elisabeth, til finansieringa av plateutgjevinga. Tommy, som var opptatt av å få ut plata, vil også medverka på sluttproduktet. Heldigvis fekk han spelt inn litt av det sjølv laga repertoaret vårt. Me vil elles prøva så godt me kan å gjenskapa gitarsoloane og gitarstrofene hans på dei mest kjende låtane.

Me vil sørja for at det han etterlot seg i bandet, alltid vil leva vidare.

Kvil i fred.

**The Kvednabekkjers**  
**Wolfgang**  
**Eirik**  
**Kjetil**  
**Jardar**



Her spelar Tommy sin siste akkord med *The Kvednabekkjers* 24.06.12.

Foto: Tonje Hebnes



3. februar 2011 fekk Tommy "Kreativitetsprisen 2010" saman med bandet.

Foto: Kari Hetland



# Kva gjer 10. klassingane etter Bokn skule?

Tekst: Tommy Grønnestad & Simen Havikbotn - foto: Wenche L. Havikbotn



Framme fv. Niklas Grønnestad, Jone Hognaland og Ingve Larsen.  
Midten fv. Martine Alvestad, Karen Hetland, Renate Eide, Andrea H. Fostenes, Henriette Jøsang, Lisbeth Skjelde og Ruben Våga (liggende).  
Bak fv. Tommy Grønnestad, Tonje K. Medhaug og Konrad Nilssen.

## Me stilte desse spørsmåla:

- Kva skule skal du gå på og kva fag skal du ta?
- Har du nokre idear om kva du vil bli?
- Trur du at du kjem til å bu på Bokn i framtida?

Nesten halve klassen skal gå på Karmsund vid. skule. Resten fordeler seg på skuleskipet Gann, Vardafjell vid. sk., Ryggabø vid. fiskeriskule og Skeisvang vid. skule.

Alle gutane veit kva dei vil bli, medan nesten halvparten av jentene er meir usikre. Over halve klassen vil bu på Bokn.

## Martine

Vardafjell, studiespesialisering. Eg veit ikkje kva eg vil bli, men vil bu på Bokn i framtida.

## Renate

Vardafjell, studiespesialisering. Eg veit ikkje kva eg vil bli og veit ikkje kor eg vil bu.

## Andrea

Karmsund, helse og sosial (oppvekst) Eg veit ikkje kva eg vil bli. Er ikkje heilt sikker på kor eg vil bu, spør kva eg får meg jobb.

## Niklas

Karmsund, elektro. Eg vil bli ROV-operatør og skal bu på Bokn.

## Tommy

Skuleskipet Gann. Eg vil bli styrmann og bu på Bokn.

## Karen

Karmsund. Eg har lyst å bli kokk/dessert-kokk, og eg veit ikkje kor eg kjem til å bu i framtida.

## Jone

Skuleskipet Gann, på TIP. Eg har lyst til å bli styrmann, og eg har lyst til å bu på Bokn i framtida.

## Henriette

Karmsund, TIP. Eg veit ikkje kva eg vil bli, og eg vil bu på Bokn.

## Ingve

Karmsund, elektro. Eg vil bli elektrikar på plattform, og bu i Hollywood i framtida.

## Tonje

Karmsund, helse og oppvekst. Eg vil bli helsefagarbeider, og sjukepleiar etterpå. Eg håper i alle fall eg kan bu på Bokn når den tid kjem.

## Konrad

Ryggabø. Eg vil bli fiskar og vil bu her.

## Lisbeth

Skeisvang, studiespesialisering. Eg vil bli kirurg eller lege. Eg veit ikkje heilt om eg vil bu på Bokn, men kanskje det, ja.

## Ruben

Skuleskipet Gann, TIP. Eg skal bli fiskar og bu på Bokn.

## Fra barnemunn

Et vingfang er lengden av en fugl på tvers. (jente 7år)

Pappa sier mamma'n min er bevisstløs når hun kjøper klær. (gutt 6 år)

Folk som er forelsket holder hverandre i hendene så ikke ringene skal falle av, for de koster mange penger. (jente 7år)

Vann plystrer ved hundre grader. (gutt 9 år)

En vibrasjon er en bevegelse som ikke vet hvilken vei den skal gå. (gutt 8 år)

Kilde: internett



# Jacob Sties siste natt

Birger Lindanger

## Lanternene slokna brått

Torsdag ettermiddag 12. februar 1722 piska ein sørvestleg storm regn mot glasa på Loden. Sør i fjorden fekk Ånen Loden auga på eit seglskip som baksa i den grove sjøen, det var tydeleg dei sleit med å halda fartøyet mot vinden. Etter kvart mørkna det, men lyset frå lanternene vitna om at vinden pressa skipet stadig nærare Lodenlandet. Klokka to natt til fredag skjedd det. Lanternene var heilt under land og slokna brått. Havariet var brutalt og skipet blei brote opp i små bitar. Å berga mannskapet var uråd.

Neste morgon flaut det vrakgods langs alle strender, både austover til Våga og Vågaholmane på Austre Bokn, innover mot Hognaland og Sunnaland og vest nordover Karmsundet heilt nord til Smørstakk og Kopervik. Snart blei det klart at det var bergensskipet *Jacob Stie* som hadde end si ferd i Bokn.

Over alt var folk i ferd med å berga vrakgods. Under havariforretningen i Føresvik eit par månadar etter blei det rekna opp i alt 40 personar som hadde vore på sjøen og langs strendene og teke vare på vrakgods. Av desse var tretten boknarar, resten var karmøyfolk og tysværbuar. Sjølv om dei beholdt tredjeparten av verdien i finnarløn, prøvde mange å gøyma bort vrakgods. Ikkje minst kunne tømmer frå skipet nyttast til husbygging.

## Havariforretning i Føresvik

Det var amtmann Hans Nobel sjølv som kalla alle desse inn til møte 23. april hjå Daniel Trosnavåg, gjestgjevaren i Føresvik. Sidan heldt tingingane i tri heile dagar. Ein etter ein sto bergarane fram for amtmannen og fortalde kva dei visste om havariet og kva dei hadde funne av vrakgods. Dette medan sorenskrivar Ole Schultz ivrig noterte i protokollen det som blei sagt. Med seg hadde dei i tillegg lensmann og fut.

I Bokn hadde sjølvsgatt Ånen Loden berga ein del vrakgods. Det same hadde bøndene på Jøsen, Sunnaland og Hognaland, dei fire på Grønnestad, bonden på Trosnavåg, dei fire bøndene i Våga og Ingebret Are. Alle desse fekk påbod om å frakta det dei hadde funne til Kopervik. Der skulle det lagrast for sidan å seljast på auksjon til inntekt for skipsreiar, konge og bergingsmenn.

## Kva Ånen Loden og Tønnes Jøsen fann

Ånen Loden kunne fortelja at han hadde berga til saman 400 kilo jern. Attåt drog han på land eit trestykke med eit par kilo tynt kopparblikk, eit kne med to boltar, eit rivjern, eit lite stykke sylv og ein kniv som han hadde gitt til skipsreiar. Vidare hadde han funne eit vindaug med tri knuste ruter, to tinnskrin og ein del tauverk som var så samanfiltra at det måtte løysast med kniv.

Like eins hadde grannen Tønnes Jøsen berga ei båtshake, eit par kilo jern, eit blekkhus, fire gamle puter, ei skjorte, eit stykke av eit laken og nokre taustumpar, den lengste ti meter.

## Vrakgods blir pengar

Slik blei vitne for vitne kalla fram for både å fortelja kva han visste om havariet og kva han hadde berga. Dessutan blei dei bedne om å opplysa om dei hadde sett folk som hadde berga vrakgods som ikkje var registrert. Då alt var summert, rekna sorenskrivaren ut at det var berga for 106 dalarar i vrakgods. Det svara til tri årsløner for ein vanleg arbeidar.

Av denne summen skulle alle ha sitt, bergarane for å ha redda vrakgods, gjestgjevaren, lensmannen og så bortetter. Truleg fekk gjestgjevaren rundt 15 dalarar for å ha halde hus dei tri dagane havariforretningen vara. Noko fekk også dei tretten bergarane frå Bokn, men utan at me kjenner summen sikkert.

Om ikkje slike havari var årvisse, så var ikkje slike havari uvanlege. Me høyrer om havari både ved Loden, Grønnestad og Våga. For dei som budde langs strendene, er det ikkje tvil om at dette kunne vera ei inntektskjelde – ikkje minst for gjestgjevaren i Føresvik og strandsitjarane i Alvestadkroken.



## 15.- og 29. september har HIM mobilt avfallsmottak på Bokn!

Laurdag 15. september vitjar mottaket Føresvik i tidsrommet 09:00-11:00. Det same skjer laurdag 29. september, men då på ettermiddagen i tidsrommet 15:00- 17:00. Dette gjer HIM for at våre abonnentar lettare skal kunne levera avfall på ein miljøvennleg måte.

Mottaket blir plassert ved returpunktet for glas- og metall-emballasje, og vil bestå av ein containerbil med tilhengar og spesialinnreidde containerar, samt ein tokamra renovasjonsbil. Innbyggjarane kan levera alle typar avfall til dette mot **kontant betaling**. Prisen er den same som ved våre ordinære mottak; frå 50 kr. til nokre hundrelappar, avhengig av levert mengde.

### HIM sitt mobile avfallsmottak vitja også Bokn i vår og kan då melde om god oppslutnad og bra sortering!

Me minnar også om at Toraneset Miljøpark har laurdagsope kvar laurdag i tidsrommet 09:00-14:00.

For å redusera HIM sine handsamingskostnader og auka miljønyttan, må alt avfallet sortrast. Beteninga vil veileda og hjelpa til ved behov. HIM har diverre **ikkje kapasitet til å ta i mot store lass** (levert med traktor eller varebil) **store vindusrute, asbesthaldig avfall osv.** Slikt avfall blir vist til våre ordinære avfallsmottak i Haugesund (Årabrot), på Toraneset og Tongane i Etne..

Når du leverer avfallet ditt til våre mottak og sorterer det, sørgjer du for at HIM kan handsama dette på beste måte for miljøet!

Ordninga er eit to- årig prøveprosjekt.

Magnus T. Hauge  
Leiar, Info & Plan, HIM



LEDIG STILLING



### BUTIKKMEDARBEIDER – Coop Marked Bokn

Stillingsandel ca. 20 % hver fredag og annenhver lørdag

Av ansvarsområder/arbeidsoppgaver som tillegges stillingen, kan bl.a. følgende nevnes:

- Eksposering av varer
- Kundebehandling
- Betjening av kasse, post og tipping
- Samt annet forefallende arbeid

Nærmere opplysninger om stillingen kan fås ved henvendelse til butikksjef Tor Harald Alvestad Tlf. 52 74 83 16/ 934 85 434

Skriftlig søknad med vitnemål og attester sendes:

Coop Haugaland SA  
Postboks 1813, Raglamyr  
5505 Haugesund

eller

e-post: [jobsok@haugaland.coop.no](mailto:jobsok@haugaland.coop.no)

**Søknadsfrist: 10. september 2012**

## Lag og organisasjonar, sjå her!

Bokn kommune oppfordrar alle frivillige lag og organisasjonar i Bokn om å koma med forslag til helsefremjande og kjekke prosjekt/aktivitetar i samarbeid med prosjektet Kjekt på Bokn.

For å sikre oss at alle vert høyrde og sett har vi laga eit enkelt søknadskjema kor ein kan koma med ei kortfatta beskriving av prosjektet.

Skjemaet kan også nyttast id ei høve kor det er aktuelt å søkje om midlar til eit prosjekt; søknadene vert så vurderte

av arbeidsgruppa i Kjekt på Bokn for på denne måten å bidra til ei så rettviss behandling av alle gode innspel og ynskje som mogleg.

Fristane er ikkje absolutte, men Bokn kommune ser helst at ein leverer søknadar innan 1. september og 1. april kvart år. Søknadar med forslag til prosjekt og aktivitetar som kjem mellom desse datoane vert sjølvsagt også handsama.

**For søknadskjema, kontakt prosjektleder Kjekt på Bokn Anne Elisabet Askeland anten på e-post: [anne.elisabet.askeland@bokn.kommune.no](mailto:anne.elisabet.askeland@bokn.kommune.no) eller på telefon: 95 94 59 08.**



Frå Bokn båtforening sitt "Ta sjansen"-arrangement 25. august. Meir frå dette i neste utgåve.





Hytter/Leiligheter med båt og kai plass  
Uke, måned eller årsmål  
Ta kontakt med  
Atle Jøsang - tlf. 900 72 369  
Mail: [atle.josang@griegseafood.com](mailto:atle.josang@griegseafood.com)

## KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå 500 kr. veka  
Utvendig lakkrens av bil frå 2500 kr.  
Innvendig reingjering frå 500 kr.  
Skinngleie frå 500 kr.  
Desinfisering av klimaanlegg 500 kr.

Kjell Frode 907 83 797

John Magne 909 24 964

Epost: [kjellfrode75@hotmail.com](mailto:kjellfrode75@hotmail.com)



Har du noko arbeid du skulle ha gjort,  
vedlikehald, vaktmeistertjenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - [www.thk.no/](http://www.thk.no/)

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og  
Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)



- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser
- Transport av maskiner og utstyr

Telefon: 94 98 63 64

**coop**  
marked

COOP MARKED BOKN

**coop**  
marked

**Mandag til fredag: 09.00 - 18.00**

**Lørdag: 09.00 - 16.00**

**Drivstoff hele døgnet - kortautomat**

## Utleige av minigraver 2500 kg

Pris døgn	kr. 1.000,- + mva
Pris veke	kr. 5.000,- + mva
Pris pusseskuffe	kr. 150,- + mva
3.500 kg hengar, døgn	kr. 400,- + mva

### Kontaktpersoner:

John Magne Lie	909 24 964
Kjell Frode Lie	907 83 797

## Bokn & Tysvær

### begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964  
Kjell Frode Lie - 907 83 797

# Annonsér i Bokn Bygdablad

Du behøver ikke endre livsstilen,  
men la trening bli en del av den!



## FRISKIS & SVETTIS Tysvær

ØNSKER VELKOMMEN

Gratis trening ut august!

Sjekk vår timeplan på:  
[www.friskissvettis.no/tysver](http://www.friskissvettis.no/tysver)

Prøv oss GRATIS, vi lover at du blir fornøyd.  
SPØRSMÅL? RING 47 17 82 30  
e-post: [tysver@friskissvettis.no](mailto:tysver@friskissvettis.no)



## KROVÅGEN HESTESENTER

Austre Bokn – tlf. 91120801/95114786 - [kachris@online.no](mailto:kachris@online.no)

- Nye ridekurs fra uke 37
- Lørdagsleir 22. september
- Rideleir m/u overnatting i høstferien
- Tilrettelagt ridetrening ved spes. behov
- Grupper kan trene i klatrevegg
- Bursdagsfest i stallen
- Inn på tunet-tjenester

For mer informasjon, kontakt  
Kari på tlf. 91120801  
epost [kachris@online.no](mailto:kachris@online.no)  
nettsider [www.kro-hest.no](http://www.kro-hest.no)

## Kommunen informerer

### Møteplanar, kommunale styre og utval

#### Bokn kommunestyre

25.09	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
18.12, budsjett	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)

#### Bokn formannskap

04.09	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
06.11, budsj.konf.	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
04.12, budsjett	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)

#### Bokn forvaltningsstyre

03.10.	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
14.11.	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
12.12.	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)

#### Bokn sokneråd

29.08	kl. 19.00	(Bokn bedehus)
26.09	kl. 19.00	(Bokn bedehus)
25.10	kl. 19.00	(Bokn bedehus)
27.11	kl. 19.00	(Bokn bedehus)

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen. Sakspapira blir utlagde til offentlig ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek. Det kan bli sett opp ekstrapøte ved behov.

## Ledig ungdomsbustad

Ungdom i alderen 18-35 år kan søkja om å leiga ungdomsbustad. Kommunen vurderer innkomne søknader og tildeler bustad etter kriteriar hjå Husbanken.

**Søknaden skal sendast Bokn kommune og søknadsfrist er 15. september 2012.**

## Sommarjobb for ungdom

Tommy Grønnestad

Dette året var det 26 ungdommar i arbeid, der alle fekk ei veke kvar. Jobbane var alt i frå kommunen til gard og fiskebåt. I kommunen var det jobbar som vaktmeister, service-torg, Bokn Bygdablad og Bokn barnehage. Det var også jobbar hos Grieg Seafood og Coop Marked Bokn.

Aldersgrensa er frå 15 til 18 år. Unn A. Mustaparta i NAV Bokn seier til Bygdabladet at ho ikkje veit om andre plassar som har dette tilbudet, og seier også at dette er eit veldig godt tilbud.



# Filmverkstad på Petra

Cecilie Odland

I samarbeid med Haugaland vekst og Genesis film har Artep/Petra hatt tilbod om filmverkstad.

Filmverkstaden starta opp i oktober 2011, men har ikkje vore open på ei stund. Dette synst eg er trist, då eg har fått ein del tilbakemeldingar om at det er mykje flinke ungdommar her på Bokn.

**Frå hausten av blir det filmverkstad på Petra. Datoen for opstart er ikkje fastsett endå.**

Det er eit tilbod for 8. klasse og opp til 18 år.



Tilbodet er ein kombinasjon av filmkurs og filmmentor, der personell frå Genesis film vil komma ein gong kvar 14. dag for å gje opplæring og oppfølging av etablerte grupper av ungdom. Ungdommane vil «lære ved å gjere». Alt frå manusarbeid til setja saman film.

Spørsmål ang filmverkstad? Ta kontakt med

**Cecilie Odland**  
**Ungdomsarbeidar Petra fritidsklubb**  
**E-post: cecodl@boknskule.no**  
**Mobil: 40416516**

# Kulturmidlar 2012

**Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå kommunen.**

**Samtlege som mottok støtte i fjor har fått tilsendt søknadsskjema. Søknadsskjema kan også lastast ned på bokn.no.**

Nye søkjarar kan få søknadsskjema i Servicetorget på Boknatun.

Dei som søker for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 2.000,-

Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2011 og budsjett for 2012 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.

Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakte inn i budsjettet for 2012, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

Desse krava må oppfyllest for å få stønad.

## § 7 - støtte til eit spesielt tiltak

Kr. 10.000,- går til eit spesielt tiltak. Midlane går til den søkjaren som Formannskapet meiner har den beste søknaden. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturkveldar, konsertar og utstillingar, osv., eller større investeringar.

**Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.**

**Årets pott er på kr. 150.000 og kulturmidlane for 2010 blir fordelte i formannskapsmøte 3. oktober.**

**Søknadsfrist 17. september**

# Ny ungdomsarbeidar

Tekst foto: Tommy Grønnestad & Simen Havikbotn

**Cecilie Odland (22) er først og fremst opptatt av at ungdommen i Bokn skal trivast. I den samanheng er det viktig å fikse opp kjellaren på Petra.**

Cecilie Odland bur nå på Høie med sin sambuar. ho er oppvaksen på Susort med familien sin, og utdanna som barn og ungdomsarbeidar. Cecilie har tiligare jobba to år i Tysvær og eit og eit halvt år i Stavanger.

I Bokn har ho tri jobbar, barnehageassistent, barn og ungdomsarbeidar og SFO. På fritida likar Cecilie å gå tur, drive med hest, strikking, hekling og tilbringe tid saman med familie og venner.

## Kjellaren på Petra

Det ho er mest opptatt av er å få ferdig kjellaren på Petra. Ho har kome eit lite stykke, men er fortsatt mykje arbeid igjen. Så det er bare å ta turen innom og hjelpe til.

## Artep:


Er for alle frå 0-100 år og er ope 16-20 alle onsdager.

## Petra:

Er for ungdom frå 15-18 år og er ope kl. 20-24 dei fredagane det ikkje er kino.



Om det ikke blir gøy å betale regninger,  
så blir det i alle fall enklere.  
Ny mobilbank, nå med godkjenning av eFaktura.



Nå kan du laste ned en hurtigere og mer funksjonell mobilbank som kun inneholder tjenester du vil få bruk for. For eksempel godkjenning av eFaktura.



Applikasjonen er for iPhone, iPad, Android og alle mobiler med nettleser, og kan nå lastes ned gratis i App Store eller Android Market. Søk etter "mobilbank" eller "sparebank1".

**SpareBank 1**

Bank. Forsikring. Og din frihet.



# HÅRSMIÅ

## Velkommen til Hårsmiå

Høsten er tid for kurser. Første kurs blir intensivt fargekurs over to dager med avsluttende eksamen. Må derfor holde stengt 17. og 18. september.

Har ellers åpent hver dag og ut over kveldene.

Vennlig hilsen

Mona på Hårsmiå  
52 74 86 47- 46 44 29 20



## Frisørrommet på Boknatun

- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:  
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:  
kl. 09-16  
Partallsuker:  
fleksible  
åpningstider

**GOLDWELL**  
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO HAIR.

Sommeråpent, men har stengt mandager og fredager i uke 27-31

Hilsen fra  
Anita

99 32 55 34  
52 74 85 34

**GOLDWELL**  
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO HAIR.

### DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00  
Trenng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivtør**



### NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

**Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33**

**Unn A. Mustaparta - leiar**

### HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil  
46 93 69 65

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smarter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN TANNKLINIKK

**Bokn tannklinikk tar nå imot nye voksne pasientar.**

**Kontortid**  
tysdagar kl. 08.30 - 15.10  
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

### BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.  
Opningstider 08 - 15.30.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå [www.bokn.no](http://www.bokn.no) for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig kapasitet!

**Dag-Helge Rønnevik - lege**

### BOKN FOTTERAPI

Onsdag kl. 08.15 - 12.30  
Torsdag kl. 08.15 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

### LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direkte nummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

**Bjørn Bruaset: 52 75 71 75**  
**Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69**

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

#### Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11**

**E-post: [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)**



### Bokn bibliotek

#### Opningstider:

Mån. 16 - 19      Ons. 16 - 19  
Tys. 10 - 13.30    Tors. 10.- 13.30

**Prøv ein annonse i Bokn Bygdablad**

## God sommarhjelp!

Jardar Havikbotn

### Tommy Grønnestad og Simen Havikbotn hadde sommarjobb i Bokn Bygdablad.

I samband med ordninga "Sommarjobb for ungdom" (sjå s. 20) fekk Bokn Bygdablad koseleg besøk i veke 33. Mange kreative og skriveglade ungdommar har vore innom bladet opp gjennom åra, og dette var ikkje noko unntak.

Guttane fekk gjort mykje på den veka dei var på Boknatun, både når det gjeld bearbeiding, tilrettelegging og innskriving av tekstar til nettversjonen og papirutgåva, og i å forbereda og gjennomføra intervju og fotografering.



Tommy Grønnestad (th.) og Simen Havikbotn driv research og forbereder eit intervju med eit smil.

Å vera journalistar krev både tid og tolmod, men er som oftast det mest populære arbeidet. Dette gir nemleg eit synleg resultat.

### Takk for innsatsen, og velkommen igjen neste sommar!



Hugs oppstart **Trim for eldre**, torsdag 31. august kl. 10.15 Bokn skule. Hugs gode sko, ei flaske vatn og masse godt humør!

Instruktørar: Anette Våga og Anne Elisabet Askeland

Vi minner også om at det tysdag 4. september vert oppstart **Seniordans på Bokn**: Oppmøte Allrommet, Boknatun 2. etasje kl. 17.30 – 19.30. Hugs gode sko, ei flaske vatn og masse godt humør! Instruktør: Anne Lise Hoffmann

## 5

## 5 i farten

### Kva har du gjort i sommar?

Tommy Grønnestad & Simen Havikbotn

#### Nina Alvestad



I sommar har eg vore i Skien. Der har det vore nokre dagar med fint ver, men også dagar med litt regn. Eg har jobba i hagen mens eg var i Skien. Heime på Bokn har eg berre slapt av, og eg har også feira bursdagen min her.

#### Joachim Paulsen



Eg har vore i Frankrike, Sverige, Mandal og Røldal. I Frankrike bada eg mykje og shoppa. I Sverige handla eg selvfølgelig mykje godteri. I Mandal bada eg og kjørte traktor, og i Røldal gjekk eg ein fire timers lang tur.

#### Rune Hognaland



Eg har vore i Tyrkia på ferie, der har eg bada mykje og eg har shoppa. Heime på Bokn har eg kjørt båt og eg har også bada litt. Ellers så har eg bare slapt av.

#### Marte Alvestad



Eg har vore i Danmark og Bergen. I Danmark bada eg i basseng og på stranda. Eg shoppa kjempemykje i Danmark og var på eit stort tivoli som heite Fårup. I Bergen shoppa eg kjempemykje, åt god mat og var både i akvariet, på Fløyen og på Vilvi-senteret.

#### Sander Jøsang



I sommar har eg vore på Rhodos. Der bada me kvar dag. Me var også i Gamlebyen. Eg har også vore på Norway Cup. Der såg eg på damer og litt fotballkampar. Ellers har eg bare kjørt båt og slapt av.